


## DANSK VOKAL

Nok eit godt tilskot til dansk vokaljazz er Mette Juul med albumet «Moon On My Shoulder», der tonefølgjet er Nikolaj Hess (piano), Lars Danielsson (bass), Morten Lund (trommer), og med den framstormande amerikanske trompetisten Ambrose Makinmuisire. Juul er også gitarist, og i tillegg til eigne songar syng ho Thelonious Monks «Ask Me Now» med teksten til Carmen McRae, Kenny Wheelers «For Jan» med tekst av Norma Winstone, og her er songar av Lyle Lovett og Joni Mitchell, og ein original versjon av Cole Porters klassikar «From this moment on». Alt på eit album som vitnar om eit kresent utval, med ei vokal framføring som prikken over det heile. Dansk jazz vert gjerne kalla «tradisjonell», men det ligg ein kvalitet i botnen med røter til ei tid då amerikanske toppmusikarar var ein del av inventaret på Montmartre i København. Og nye stemmer kjem til, her med eit framifrå band bak vokalisten Juul.



## Inter-statisk!

For eit år sidan debuterte «orgeljazz»-trioen Roy Powell, Jacob Young og Jarle Vespestad med det kritikarroste albumet «Anthem». No følger «InterStatic» (Rare Noise/Musikklosen) etter trioens nye namn, der dei vidareutviklar formatet ut over den tradisjonelle «orgeljazz»-stilen, med grooven intakt, vekslande i uttrykket. InterStatic har konsert på Herr Nilsen i Oslo 20. mars.



**Mette Juul**  
«Moon On My Shoulder»  
Callbrated Music  
(Musikklosen)

**ROALD  
HELGHEIM**

